

sandøy vindkraft AS

Årsmelding

2010

2010



Iskalde januardagar i 2010 laga naturen sine egne vindmølleskulpturar som kom godt fram i låg ettermiddagssol. 2010 vart det absolutte svakste vindresursåret sidan vi starta opp. Kun 6,5 gWh. mot max.året i 2007 på 10,4 gWh. Høge prisar ga likevel eit brukbart resultat.



Årsmelding frå styret

---13. ordinære driftsår---

Sandøy Vindkraft AS har sin produksjon og administrasjon på Harøya i Sandøy Kommune, Møre og Romsdal. Sandøy Vindkraft AS vart skipa 08.12.1997.

Selskapet sitt føremål er å produsere og omsetje elektrisk kraft, samt alt som står i samband med dette.

Historisk driftsutvikling og året 2010:

Året 2010 er 11. heile produksjonsår. Dei 3 første åra var prega av låge vindressursar, svake kraftprisar og høgt rentenivå. I 2003 og 2004 normaliserte drifta seg.

I 2005 fekk selskapet eit nytt tilbakeslag gjennom store vedlikehaldskostnader, då alle gear og hovedlager måtte skiftast. Dersom levetida for gear har så kort levetid som 5 år, vil det ha vesentleg negativ verknad på framtidig lønsemd.

Ved service i april 2011 kan vi fortsatt melde om at gearoljen er blank og klar. Dei nye geara har i alle fall hatt lengre levetid enn dei opprinnelege. Dette er positivt.

Som eit ledd i å sikre stabil drift er det i 2010 investert i gearoljevakt og automatisk smørjing av generatorane.

Selskapet har kontroll med den finansielle gjelda som no har kome ned i 10,3 mill. kr.

Dei tre siste åra har vore dei svakaste vindressursåra. 2010 det aller svakaste, men resultatsmessig tre gode år pga. høge kraftprisar og finansiell avtale i 2009.



10. desember 2009 markerte vi 10-årsjubileet med å tenne eit stort juletre på Lísje-Harøyburet. Ei av gåvene frå Sandøy Vindkraft var tur til vindmøllene. Marit Nielsen og Synnøve Austnes vart to lykkelege vinnarar. Her frå toppen av mølle nr. 3 saman med Frode Røren.



Samandrag av dei økonomiske resultatata:

Produksjon og resultat 1998 til 2010 i 1000 kroner.

	1998/03	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	alle år
Produksjon i MWh.	35 369	9 719	9 761	8 752	10 402	8 599	8 058	6 512	97 172
Inntekter:									
Produksjon	6 862	2 334	2 214	3 300	2 509	3 593	2 938	2 959	26 709
Grøne sertifikat solgt til EU	1 588	49	61	44	40	66	56	43	1 947
Produksjonsstøtte	882	0	198	0	0	0	0	0	1 080
Andre off.støtte	150	0	0	0	0	0	0	0	150
Negativ innmating	833	431	419	688	491	571	444	835	4 712
Sum driftsinntekter	10 315	2 814	2 892	4 032	3 040	4 230	3 438	3 837	34 598
Driftskostnader:									
Driftskostnader	-1 665	-739	-2 697	-931	-861	-925	-1 022	-1 237	-10 077
Avskrivning	-4 687	-1 112	-1 112	-1 112	-1 112	-1	-1 112	-1 112	-12 471
Sum driftskostnader	-6 352	-1 851	-3 809	-2 043	-1 973	037	-2 134	-2 349	-22 548
Resultat drift:	3 963	963	-917	1 989	1 067	2 194	1 304	1 488	12 050
Netto finans	-7 421	-679	-621	-742	-909	-992	-476	-322	-12 162
Resultat før disposisjonar	-3 458	284	-1 538	1 247	158	1 202	828	1 166	-112
Konsernbidrag /- utbytte	1 800	485	837	1 393	695	480	-555	-600	4 535

Om rammevilkåra.

Det er tidlegare lagt ned mykje energi i argumentasjon for gjeninnføring av produksjonsstøtta med mellom anna møte i departement og Storting. Det viste seg at politiske intensjonar gjort av tidlegare regjering ikkje blir oppretta av korkje Stoltenberg I eller II.

Selskap som har kome etter oss har lidd samme skjebne; om det har vore vindkraft, småkraft eller bioenergi. Ingen av desse ser ut til å bli godkjent som sertifikatberettiga etter 2012 som tidlegare lovd. 2012 er det året som er planlagt for innføring av handel med grønne sertifikat etter mønster, og saman med den svenske marknaden.

Investering i vindkraft vart vedtatt med grunnlag i eit støtteregime frå Staten. Dette støtteregime vart uventa endra frå 01.01.04. Grunnlaget for investeringa vart såleis, over natta, vesentleg svekka gjennom bortfallet av årleg tilskot på om lag 0,5 mill. kr.

Det er politisk semje om at vindkraft treng eit støtteregime. Dette er synleggjort gjennom omfattande utgreiingar frå offentleg hald både i Noreg og i utlandet. Det er heilt uforståande for selskapet at Staten ikkje står ved sine løfter og plikter overfor gamle vindkraftanlegg. Både moralske og næringspolitiske sider ved slike løftbrot tek selskapet sterk avstand frå.

Selskapet er svært overraska over at ein så langt ikkje har fått gjeninnført dei rammevilkår som låg til grunn for investeringa. Det er heilt klart at investeringa ikkje ville ha vorte gjennomført dersom rammevilkåra i 1997 ga signal om at produksjonsstøtta ville falle bort etter berre 4 år.

Organisasjon og leiing.

Ved utgangen av år 2010 er det ingen tilsatt i selskapet. Administrasjons- og driftstenestene vert kjøpt frå morselskapet Sandøy Energi AS.

Arbeidsskader er ikkje registrert. Selskapet forureiner ikkje det ytre miljø. I og med at ingen er tilsatt i selskapet er det ikkje aktuelt å vurdere likestilling mellom kjønna.

Resultat og finansielle tilhøve.

Årets resultat etter skatt på kr. 838.703 foreslår styret disponert slik.

Avsatt til utbytte	kr. 600.000
Overført til annen egenkapital	kr. 238.703

Pantegjelda er på kr. 10.250.947 og egenkapitalen er på kr. 3.459.856.
Eigar har stilt garanti for selskapet si lånegjeld.

Framtidsutsikter.

Framtidsutsiktene vil vere avhengig av utviklinga i følgjande 5 faktorar:

- Gjeninnføring av produksjonsstøtte i tråd med investeringsforutsetningane.
- Nivået på vedlikehaldskostnadane.
- Energiprisane.
- Produksjonsvolum.
- Rentenivå.

Selskapet si framtid vil vere vesentleg lysare dersom rammevilkår, som vart lagt til grunn på investeringstidspunktet, kan reetablerast.

Styret meiner at den framlagde rekneskapen gir ein rettvise oversikt over utvikling og resultatet for verksemda. Rekneskapen er satt opp under forutsetning om fortsatt drift.

6487 Harøy, 31. desember 2010.

31. mai 2011

Annlaug Knardal Myklebust
-styremedlem-

Nils Magne Abelseth
-styreformann-

Sigmund Haugen
-styremedlem-

Eva Kristin Fjørtoft
-styremedlem-

Frode Røren
-styremedlem vald av dei tilsette-

Svein Ove Søholt
-adm.direktør-

Resultatrekneskap 2010

	Note	2010	2009
Driftsinntekter:			
Kraftproduksjon 2010: 6.512 GWh.		2.959.176	2.937.773
Nettilskot		835.199	444.331
Sertifikathandel		42.987	56.350
Offentleg tilskot		0	0
Sum driftsinntekter		3.837.362	3.438.454
Driftskostnader:			
Lønskostnader	2	0	0
Ordinære avskrivningar	1	1.112.355	1.112.355
Andre driftskostnader		1.236.571	1.021.617
Sum driftskostnader		2.348.926	2.133.972
Driftsresultat		1.488.436	1.304.482
Finans:			
Renteinntekter		67.696	63.016
Rentekostnader		389.778	538.567
Andre finanskostnader		0	0
Netto finans		322.082	475.551
Resultat etter finans		+ 1.166.354	+ 828.931
Endring i utsatt skatt / skattefordel	5	+ 75.549	+ 29.212
Betalbar skatt		- 403.200	- 161.860
Årets resultat		+ 838.703	+ 696.283
Overføringer:			
Avsatt til utbytte		+ 600.000	+ 200.000
Gitt / mottatt konsernbidrag		0	+ 355.191
Overført til annan egenkapital		+ 238.703	+ 141.092
Sum disponert		838.703	696.283

Balanse pr. 31.12.

	Note	2010	2009
Eigedelar:			
Varige driftsmidler:			
Bygg og anlegg	1,4	3.337.073	3.707.858
Maskiner, verktøy og inventar		6.674.147	7.415.717
Sum varige driftsmidler		10.011.220	11.123.575
Omløpsmidlar:			
Fordring morselskap		4.080.508	4.393.040
Andre fordringar		639.046	392.994
Sum kortsiktige fordringar		4.719.554	4.786.034
Kasse, bank og postgiro		1.334.297	612.901
Sum omløpsmidlar		6.053.851	5.398.935
Sum eigedelar		16.065.071	16.522.510
Eigenkapital:			
Aksjekapital, 500 aksjar à kr.1.000,-	3	500.000	500.000
Annan eigenkapital		2.959.856	2.721.153
Sum eigenkapital		3.459.856	3.221.153
Gjeld:			
Langsiktig gjeld:			
Utsatt skatt	5	898.591	974.140
Pantegjeld	4	10.250.947	11.831.719
Sum langsiktig gjeld		11.149.538	12.805.859
Kortsiktig gjeld:			
Leverandørgjeld		337.636	13.745
Avsatt til utbytte		600.000	200.000
Betalbar skatt		403.200	161.860
Skuldig off.avg, feriepengar m.m.		114.841	119.893
Sum kortsiktig gjeld		1.455.677	495.498
Sum gjeld		12.605.215	13.301.357
Sum gjeld og eigenkapital		16.065.071	16.522.510

6487 Harøy, 31. desember 2010.

31. mai 2011

Annlaug Knardal Myklebust
-styremedlem-

Nils Magne Abelseth
-styreformann-

Sigmund Haugen
-styremedlem-

Eva Kristin Fjørtoft
-styremedlem-

Frode Røren
-styremedlem vald av dei tilsette-

Svein Ove Søholt
-adm.direktør-

Noter

Note nr. 1 – Oversikt over varige driftsmidler:

Varige driftsmidler er vurdert til historisk kostpris etter frådrag av planmessige avskrivningar. Planmessige avskrivningar er foretatt på lineær basis.

	Bygninger og anlegg	Maskiner	Sum anlegg
Historisk kostpris pr. 01.01.10	7.443.812	14.887.624	22.331.436
Investert i året	0	0	0
Historisk kostpris pr. 31.12.10	7.443.812	14.887.624	22.331.436
Samla avskrivning pr. 31.12.10	4.106.739	8.213.477	12.320.216
Bokført verdi pr. 31.12.10	3.337.073	6.674.147	10.011.220
Årets avskrivning	370.785	741.570	1.112.355

Note nr. 2 – Løns- og personalkostnader.

Ved tilsetjing av ny adm.dir. pr. 01.07.05 vart løn samordna med løn i morselskapet, og at all løn blir utbetalt der.

Revisjonshonorar vart utbetalt med kr. 9.000,-, og kr. 3.000,- i rådgjeving.

Note nr. 3 – Aksjer og andelar.

Aksjekapitalen i Sandøy Vindkraft AS er på kr. 500.000,-, der samtlige aksjar er eigd av Sandøy Energi AS.

Note nr. 4 – Pantstillingar.

Bokført langsiktig gjeld på kr. 10.250.947,- er sikra med pant i vindmøllene med grunnfeste og garanti frå morselskapet Sandøy Energi AS. Bokført verdi pr. 31.12.10 er på kr. 10.011.220,-.

Note nr. 5 – Spesifikasjon av midlertidige forskjeller ved utgangen av rekneskapsåret.

	2010	2009
Driftsmidler	3.209.254	3.479.070
Utsatt Skatt	898.591	974.140

Resultat før skatt	+ 1.166.354	+ 828.930
Endring midlertidige forskjeller	+ 269.816	+ 104.337
Gitt / mottatt konsernbidrag	0	- 355.191
Permanente forskjeller	+ 3.884	0
Skattegrunnlag	+ 1.440.054	578.076
Betalbar skatt 28%	403.200	161.860
Endring i utsatt skatt	- 75.549	- 29.213

KONTANTSTRAUMSANALYSE

Beløp i 1000 kroner

	2010	2009
A. Resultat før skattekostnad	1.166 +	828 +
+ Ordinære avskrivningar	1.112 +	1.112 +
- Betalbar skatt	161 -	161 -
- Utbytte	200 -	
- Tilført frå årets verksemd	1.917 +	1.779 +
- Endring av kortsiktige fordringar	419 +	1.751 -
+ Endring av leverandørgjeld	328 +	4 -
+ Endring av kortsiktig gjeld (KG)	361 -	64 +
A=Netto likviditetsendring frå verksemda	2.303 +	88 +
B. Likvider tilført/brukt på investeringar		
- Investert i varige driftsmidlar	0 -	0 -
+ Sal av varige driftsmidlar	0 +	0 +
B=Netto likviditetsendringar frå investeringar	0 -	0 -
C. Likvider tilført/brukt på finansiering		
+ Opptak av ny gjeld / - reduksjon	1.581 -	1.581 -
C=Netto likviditetsendring frå finansiering	1.581 -	1.581 -
A+B+C Netto endring i likvider gjennom året	722 +	1.493 -
+ Likviditetshandtering pr. 01.01	612 +	2.105 +
= Likviditetshandtering pr. 31.12	1.334 +	612 +

Nøkkeltal:

Eigenkapitalprosent/ soliditeten	$\frac{3.459.856 \times 100}{16.065.071}$	2010	2009
	16.065.071	21,53	19,49